

Då håper vi de har hatt ein fin tur.

Svarer du riktig på spørsmåla under, er du med i trekninga av ei lita premie.

(Svara finn du i informasjonsteksten på dette arket)

1. Kva førenamn er nemnd flest gonger i teksten her?

2. Kven var den fyrste som utvandra frå Sletta?

3. Kor har Emigrantkyrkja stått før den vart frakta til Sletta?

Svara legg du i postkassa ved kyrkja, eller sender det til vestnorsk.utvandringssenter@muho.no

Namn _____

Telefonnr. _____

E-post _____

Ynskjer du å vite meir om utvandrarane, kan vi anbefale boka "Pionerliv i Amerika og bygdeutvikling på Sletta" som vi har for sal i Emigranten



VESTNORSK
UTVANDRINGSSENTER

www.muho.no/vestnorsk-utvandringssenter

@utvandringssenteret



KULTUR LØYPE

Gå i utvandrarane
sine fotspor på Sletta

Kulturløypa er ein hyggeleg og gratis tur som du går på eigahand i området rundt Sletta.

På turen vandrar du i fotspora til dei som drog ut og busette seg i Amerika for omlag 100 - 130 år sia. Fleire emigrantar kom tilbake til Sletta og sette spor etter seg i form av bygnader som framleis står.

Turen tek ca. 1 time å gå, langs minimalt trafikkert veg.

Den egner seg fint til fots, men også på sykkel, med barnevogn, rullestol og andre rullande framkomstmidlar.

Svarer du rett på spørsmåla på baksida, kan du også vinne ei lita premie.



VESTNORSK
UTVANDRINGSSENTER



1. Emigrantkyrkja er den demonterte og atterreiste Brampton Lutheran Church frå USA. Opphavleg bygd av norske emigrantar i Nord-Dakota like før og etter førre århundreskiftet. Den vart gitt som gåve til Sletta, demontert på dugnad, frakta til Noreg, og vigsla av biskop Ole D. Hagesæther 6.juli 1997

2. Ananias R. Mellingen. Reiste ut i 1904. Kom tilbake og bygde hus i 1910. Fleire reiser, kom heim i 1928, bygde løa (som står framleis) ferdig i 1931

3. Det gamle skulehuset. Har vært både butikk og kafé i samme bygg. I dag privathus

4. Kaien. Her la postbåten til med brev frå Amerika. Det låg og eit meieri her, saman med eit ishus til meieriet og legekantor i 2.etg.

5. Johan Ystebø. Reiste ut i 1890. Kom tilbake før 1897. Familien budde i løa, (det framste huset) mens dei bygde hus. Dei bygde det nye huset utanpå det gamle (bakre huset)

6. Ananias Ystebø, bror til Johan drog ut i 1892. Kom tilbake og bygde bureisingsbruk med ny våning, smie og løe. I dag er hus og løe vekke. Smia står framleis



7. Husmannsplassen Ystebøtræet frå slutten av 1800-talet. Under same tak ligg stove og løe. Stova er lafta og løa er grindbygd, ein klassisk kombinasjon. Husmannen hadde nokre få mål jord og dreiv litt fiske i tillegg; eit lite, spartansk anlegg kring knappe ressursar. Dette vesle samanbygde huset er nok ikkje bygd på pengar frå Amerika, men er snarare eit døme på hus ein flytta frå

8. Kjelde, brønn med steinhus over. Høyrdet til garden over vegen, men er lite i bruk i dag.

9. Tjern. Her blei det henta is med hest og slede til meieriet sitt ishus på kaien. Dette var organisert pliktarbeid for bøndene.

10. Magnus Larsen si stove. Omstreifaren Magnus kom til Sletta med båt og blei fort kjent med folket der. Gjorde mykje blikkarbeid for andre, men vart også kjend som ein slåstkjempe. Ein dag ville han bli kristen, følte han hadde øydelagt livet sitt og ville gjere noko med det. Han fekk låne bukse av Anton på Renen, som gjekk saman med Magnus til bedehuset. Seinare blei han predikant og songskrivar. Budde her med kone og steson, og stesonen blei seinare kjend som Silke-Fredrik i byen.

11. August Ystebø utvandra i 1891 rett etter konfirmasjonen. Kom tilbake for godt i 1910 og bygde ei løe som vart ferdig i 1912 (står framleis og kan sjåast frå vegen) August var inspirert av skogsarbeidet i "Ville Vesten". Han dreiv med nydyrking og planta 35 dekar granskog i utmarka.

12. Olaf Ystebø, bror til Johan (5) og Ananias (6) Kjøpte garden "Haugen" på auksjon i 1904. Han hadde tidlegare reist til Amerika og kjøpte truleg garden kontant. Reiste fleire gonger til Amerika for å arbeide som skogsarbeidar og gardbrukar, men var også sjømann

13. Bedehus. SOAR, Indremisjonen. Bygd i 1923. Tomta blei kjøpt av brørne Ananias, Johan og August Ystebø, som eigde den fram til 1941. Byrja som ei frikyrkjelyd.

14. Bedehus. Betel, Pinsørørsla. Bygd på same tid som SOAR. Innbyggjarane på Sletta hadde ein felles vekking i skulehuset (nr.3) fram til presten sate foten ned. Tomta til Betel blei stilt til disposisjon av Magnus Mellingen, ein gamal offiser. Møta vart delt mellom bedehusa. Søndagsskulen hørde til Pinsørørsla, medan ein ofte hadde gravferda i det eine bedehuset og møte i det andre.

15. Prærielandsbyen. Husa på prærien er originale frå Amerika og blei flytta hit på same tid som kyrkja. Prærielandsbyen består av skulehus, lærarbustad, legekantor, nybyggjarstove, fengsel og rådhus.